Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 — Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Fyresdal

Emne: Beit og Brome — Bygdelag:

Oppskr. av: Einar Stoltenberg. — Gard:

(adresse): Fyresdal. — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Beit har vore nytta alle staden i Fyresdal inntil omlag 1880. Det var vanleg nytta alle år. På sisten var det vel helst i dei dårlege høgåra. Til beit nytta ein toll (her uttala "tøðð". I slik samband sa ein aldri furu. "Og bjørk som også vart kalla brom. Å henta bjørkebeit var kalla å broma. Ordet brom nyttar ein no om lauvklæane på bjørka. Ordet å rise vert nytta om å brote kvistene av bjørk. Elles nytta hogg ein beitet ned med økse eller med lauvkniv som her vert kalla lauvhogg, høkje.
Beitet vart køyrt heim eller drege på skikjelke. Beitet vart lagd i kost på tunet, og så vart sau og geit sleppe ut og der fekk dei gå og gnage av bar bork og ris. Til kyrne hogg ein av riset med lauvhogg og bar alt inn.
Det var store mengder som gjekk med til. Eg har høyrt folk fortelje: Heile tunet kunne ligge skipa med beitekostar når det leid mot våren.
Nokon serskild tru eller sed som er knytt til bruken av beit eller brom har

945

eg aldri høyrt tale om.

Elles vil eg vise til stykket "Utkast i „Viking" 1947 av Einar Stoltenberg.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING